

NotatDato: 07.12.2015
Arkivsak: 2015/535-49
Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

Til: Thorbjørn Aarethun

Frå: Fylkeseldrerådet i Hordaland

Regional transportplan for Hordaland 2018-2029
Høyringsuttale frå Fylkeseldrerådet

Fylkeseldrerådet viser til handsaming av saka i sitt møte 2. desember 2015 og gjev følgjande høyringsuttale til framlegg til Regional transportplan for Hordaland 2018-2029:

Fylkeseldrerådet meiner det er særst viktig å auke kollektivtrafikken mest mogeleg av omsyn til miljø og klima. Det er likevel slik at i mange distrikt, der det ikkje er mogeleg å nytte kollektivtilbodet fullt ut, må privatbil nyttast. Fylkeskommunen bør heile tida ha fokus på, og oppmode om, at stadig fleire går over til el- og hybridbilar når dei skal skifte bil.

Fylkeseldrerådet meiner òg at framkomst for kollektiv- og privattrafikk stadig vert hindra av trailerar med sjåførar som har lita røynsle og som er lite eigna til å bruke på vegane våre. Fylkeseldrerådet er òg oppteke av at alle kollektive transportmidlar etterkvart bør få universell utforming. Det gjeld ikkje berre transportmidla, men òg haldeplassar o.l. Det er viktig at ein har som siktemål at dei ulike transportmidla korresponderer med kvarandre. Fylkeseldrerådet har tidlegare motteke ein del klager på at det t.d. ikkje alltid er like god korrespondanse mellom buss og ferje. I regn, snø og kulde er det ikkje så lett for eldre menneske å måtte stå ute om der ikkje finst opphaldsrom eller leskur.

Når det gjeld billett- og takstsystem er det enno mange eldre som har lite erfaring med mobiltelefonar og bruk av app-ar. Difor bør det framleis vere muleg med billettsal om bord på bussar, ferjer og hurtigbåtar. På hurtigbåtar bør ein tillate at eldre og funksjonshemma kan setje seg og at personalet kjem rundt og sel billettar, serleg i dårleg ver. Det er etter fylkeseldrerådet si meining òg naudsynt å ha takstar og ruter tilgjengeleg i trykt format.

I Kollektivstrategi for Hordaland vart det sagt at «grunntilbodet i kollektivtrafikken er den lovpålagde skuleskyssen.» Her vil fylkeseldrerådet understreka at distrikta i Hordaland treng både tidlegruter, seinruter og natruter heile året. I skulefrie periodar bør difor rutene gå som vanleg, sjølv om dei er sette opp som skuleruter.

Kåre Ystanes
Leiar Hordaland fylkeseldrerådArild Sondre Sekse
Fung. utvalssekretær